

Religion under Castro

Under Castro og revolusjonen i 1959 skjedde det ei endring i det religiøse landskapet på Cuba. Katolikkar opplevde ei nedgradering av kyrkjas makt. Under innføringa av kommunismen skulle religion ikkje ha innverknad på utforminga av politikken i landet.

Cubanarar med uttalt religiøst tilhøyre fikk ikkje tilgang i statspolitikken. I følgje George Brandon blei makta til den katolske kyrkja sterkt redusert, katolske privatskular blei offentlige og sekulære. Castros regime konfiskerte all geistlig eigedom og la ned forbod mot alle religiøse prosesjonar. Grunna "kontrarevolusjonære" haldninga hos dei geistlige blei alle dei katolske kyrkjene stengt frå 1961–65. Etter dette fekk dei igjen lov til å halde gudstenester, men misjonsverksemid var framleis forbode. Afrocubansk religion som santería blei derimot løfta opp og fikk ei rolle som nasjonalarv. Religionen blei "omgjort" til eit folklorefenomen for å tiltrekke turistar. Religiøse aspekt blei dyssa ned, medan ein fokuserte på dei flotte draktene og den fengande musikken som folkloren representerte.

Religionen blei offisielt erstatta med ufarlig folklore som mista mykje av sitt åndelige preg. Mange heldt likevel fram med eigne seremoniar i cubanske heimar.

Fra 1980-talet fram til 1992 då religiøs utøving igjen blei akseptert på det offentlige plan, har tradisjonell cubansk musikk med afrikanske røter opplevd ei auka interesse blant cubanarar. Lina snoek skriv at Santería har sida 1992, då ateismeparagrafen blei fjerna frå grunnlova og erstatta med ein paragraf om at Cuba var ein sekulær stat, opplevd ei vedvarande oppblomstring.

Castro ytra i ei av talane sine etter revolusjonen: "[N]o sólo somos un país latinoamericano, sino que somos también un país latinoafroamericano" - *Vi er ikkje berre eit latinamerikansk land, vi er også eit latinafrikansk land*. Stadfestinga av det afrikanske som sentralt for cubansk arv kom til uttrykk ved at Castro kort tid etter revolusjonen opna eit museum om yorubakultur.

Han ga stønad til *Conjunto Folklórico Nacional* (CFN), det nasjonale folkloreensemplet i 1962. CFN har hatt svært mykje å seie for afrocubansk folklore.

Rogelio Martínez skriv om folklore på Cuba, både før og



etter revolusjonen. Han hevdar at CFN dekka eit skrikande behov som mange cubanarar hadde for å kome attende til røtene sine. Formålet til det nasjonale folkloreensemplet var ikkje å konservere, men å ta vare på og vidareutvikle den afrikanske arven. Målet var "at folkloren ikkje skulle forsvinne, men at den skulle omdanne seg, og med det gi næring til vår sanne revolusjonære kultur, ensemblet var medvite sitt tunge ansvar overfor landet". Martinez seier at CFN ikkje skulle representere "kvit" eller "svart" folklore, men nasjonal folklore der det rurale og det urbane skulle vere til stades. Folkloren skulle vidareformidle både europeiske og afrikanske røter. Formålet til CFN var å gjenføde ein kulturell nasjon.

Bárbara Balbuena fortel følgjande om folklore: "Folkloren er menneskelig visdom, det er menneskelige erfaringar gjennom generasjonar. [Dette inneber] alle slags menneskelige kunnskapar, verdslege som religiøse. Folkloren er] overført munnleg; ein kjenner ikkje til opphavet, dette gjeld også dansen, det er noko ein lærer seg. Det er ikkje viktig kva klasse ein kjem i frå; verda til folkloren er folkelig." (Balbuena i Kavli:1999.)

Folklore er tradisjon utan autoritære liner, altså ein motsats til det autoritære. Cuba har i dag ein sterk posisjon i musikk og dans. Folkloregruppene på Cubas agenda er å vidareutvikle folkloren slik at han har ein bodskap for cubanarar i dag. Folkloren blir viktig fordi artistane tar vare på og vidareformidlar det afrikanske til det cubanske publikummet.

Artist Raúl Alvarez seier:

"For oss er folkloren det vi dansar, [...] men vi revolusjoner kostyme, dansen eller songane. Vi revolusjonerer det kulturelt. [...] Eg vil danse i mi tid "

Seguimos luchando...

Alltid mot revolusjon, eller?

-Eit blikk på Cuba, revolusjonen og folket



2009

Den cubanske revolusjonen

La Revolución Cubana var ein revolusjon som ført til at den diktatoriske regjeringa til Cubas president, general Fulgencio Batista, blei styrt 1. januar 1959 av 26. juli-bevegelsen og andre revolusjonære bevegelsar. Den cubanske revolusjonen refererer framleis til pågående realisering av sosiale og økonomiske program til den noverande regjeringa, inkludert skifte til marxistisk politikk.



Kart over Cuba som viser opprørarane sine ankomst i 1958, deira festningar i Sierra Maestra, og Guevara og Cienfuegos' rute til Habana i 1958.

Etter at Batista igjen tok makta ved eit militærkupp i 1952, og ført ein svært undertrykkande politikk, begynte den aktive motstanden å skyte fart. Juristen Fidel Castro var ein av hovudmenna i planlegginga og utføringa av angrepet på Moncadafortet i Santiago de Cuba 26. juli 1953. Angrepet var mislykka, men ga inspirasjon til ein veksande revolusjonær bevegelse som gikk under namnet 26. juli-bevegelsen. Etter nærmere to års fengsel blei leiарane for Moncada-angrepet sat fri ved amnesti. Dei reiste i eksil til Mexico for å førebu nye militære aksjonar mot Batista-diktaturet. Med 81 kampfrendar kom Castro i 1956 til Cuba, dette angrepet blei slått tilbake av hæren. Ei kjerne av Castros menn slo seg ned i fjellområdet Sierra Maestra i det sørlege Cuba der dei med auka tilslutting utvikla ein geriljahær som vakte stor internasjonal merksemd. Den argentinske legen Ernesto "Che" Guevara slutta seg til kampen på Castros side og blei eit symbol på "ein felles latinamerikansk revolusjon". Ved sida av Castro og Che var Camilo Cienfuegos ein av de fremste heltane då Batistas hær blei overvunne. Dei revolusjonære styrkane rykka inn i Habana utan nemneverdig motstand 1. nyttårsdag 1959. Den nye regjeringa med Castro som statsminister gikk raskt i gang med omfattande reformer og alfabetiseringskampanje retta mot heile folket.

USA var avventande, sjøl om jordreforma proklamert i mai 1959 ført til at fleire amerikanske eigedommar blei nasjonalisert og Raúl Castro (Fidels bror) forsøkte gradvis å gi Cubas kommunistparti større påverknad på revolusjonen. Oljeraffineria blei nasjonaliserte i 1960. USA svarte med å stoppe import av cubansk sukker, sjølve livsnerven i øyas økonomi. Nasjonaliseringa av sukkerproduksjonen var ei radikalising av revolusjonen, og då Cuba fikk avsetning på sukkeret sitt i Sovjetunionen, tilspissa forholdet til USA seg ytterligare.



Foto Alberto Korda

Ernesto Guevara de la Serna kjent som **Che Guevara**. I 1951, mens han enno studerte medisin, reiste den 23-årige Guevara og kameraten Alberto Granado, gjennom delar av Sør-Amerika. Reisa tok fleire månader og revolusjonshelten "El Che" begynte å ta form på nettopp denne reisa. Guevara kom i direkte kontakt med fattigdom, utnytting og undertrykking som fleirtalet av folket – landarbeidarar, urfolk, arbeidarar og bønder – blei utsett for, og som framleis pregar fleire land i Latin-Amerika. Che Guevara blei medlem av Fidel Castros 26. juli-bevegelse som tok makta på Cuba i 1959. Etter å ha fungert som industriminister og sjef for Nasjonalbanken, og etter å ha skrive fleire artiklar om geriljakrigføring, reiste han i 1965 frå Cuba. Han ville delta i revolusjonar i andre delar av verda der økonomisk utbytting og sosial urett dominerte. Ferda gikk først til Kongo-Kinshasa og så til Bolivia der hæren tok han til fange i ein CIA-leia operasjon.

Då Che Guevara satt i fangenskap i landsbyen La Higuera i Bolivia, blei han 9. oktober 1967 avretta av ein offiser.

Grunnen var alvorlige brot på menneskerettane, og at Che forsøkte å ta makta i Bolivia. CIA hadde fått beskjed om å gjere sitt beste for å sjå til at Che Guevara blei holdt i live. Dei meinte han satt på viktig informasjon som kunne felle Fidel Castro. Revolusjonshelten Che har fåt ei tilnærma helgenstatus blant cubanarar i dag, men var han ein helgen?



Kjelder:

- Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. 1999
Brandon, George. 1993. Santeria from Africa to the New World: The Dead Sell Memories. Bloomington: Indiana University Press.
Kavli, Solveig M. L. 2001. Ashé-Iyá: Ein studie av afrocubanske artistar sitt forhold til santeria og musikk. Hovudoppgåve i religionsvitenskap. Universitetet i Bergen.
Martínez Furé, Rogelio. (1979) 1997. Diálogos imaginarios. Habana: Editorial Letras Cubanas.
Snock, Lina. 1999. Tro og sosial forpliktelse: en retning innen den cubanske pinesbevegelsen. Hovudoppgåve i religionsvitenskap. Universitetet i Bergen.
Wikipedia. 2009: http://no.wikipedia.org/wiki/Den_cubanske_revolusjon

Utstillinga er arrangert og satt saman av Pedro Vásquez og Solveig M.L. Kavli.